

Hei.

Legg du denne inn i Ephorte under saka?

Vh

Odd K

Fra: Odd Kenneth Mellingen
Sendt: 19. mars 2014 12:32
Til: 'postmottak@kud.dep.no'
Kopi: Anna Elisa Tryti; Anne-Beth Njærheim
Emne: Innspill til gjennomgang av Norsk kulturråd

Hei.

Vedlagt følger innspel til evalueringsgruppe Kulturrådet, som sakframlegg og vedtak, gjort av Kultur og ressursutvalet i Hordaland fylkeskommune 18.03.2014.

Venleg helsing

Odd Kenneth Mellingen
Stabsleiar
Kultur- og idrettsavdelinga



Tlf: 55 37 80 23 | Mob: 454 88 612
www.hordaland.no



Arkivnr: 2014/12936-1

Saksbehandlar: Anna Elisa Tryti, Ronny Skaar, Per Morten Ekerhovd, Tone Stedal Haugland, Elisabeth Bjørsvik

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		18.03.2014

Innspel til evalueringsgruppe Kulturrådet**Samandrag**

Kulturdepartementet har sett ned ei utgreiingsgruppe som skal gå igjennom Norsk Kulturråd sine arbeidsoppgåver og organisering. Utgreiingsgruppa skal vurdere om funksjonar som i dag ligg til Norsk Kulturråd kan løysast til dømes på lokalt eller regionalt nivå. Til dette arbeidet inviterer ein til innspel. Den interne organiseringa av Norsk Kulturråd er ikkje ein del av utgreiinga. Det er ein føresetnad at Norsk Kulturråd skal førast vidare og at rådet (det kollegiale organet) skal vere autonomt i saker det har til avgjersle. Det er og ein føresetnad at Norsk Kulturfond ikkje skal delast opp i regionale fond.

Hordaland fylkeskommune vil nytte seg av invitasjonen til å kome med innspel til utgreiingsgruppa, gjennom å peike på problemstillingar som denne bør sjå på i sitt arbeid. Hordaland fylkeskommune ønskjer at evalueringsgruppa skal sjå på høve for modeller der det er tettare kontakt mellom eit regionalt forvaltningsnivå og Kulturrådet sentralt. Kulturrådet bør nytte den lokale/regionale kjennskapen til kulturlivet, og det er viktig med samhandling mellom ulike forvaltningsnivå for å oppnå ei god utvikling og for å få best mogleg effekt av dei offentlege kulturmidlane samla.

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet slutter seg til innspel til evalueringsgruppa slik det ligg føre i saksframlegget.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 05.03.2014:

I brev frå Kulturdepartementet, dagsett 29.1, er Hordaland fylkeskommune beden om å kome med innspel til ei utgreiingsgruppe som skal gjennomgå Norsk kulturråd. Prosessen med å gå igjennom Kulturrådet sine arbeidsoppgåver og organisering har samanheng med ønsket om å gjennomføre ein såkalla «fridomsreform» i kulturpolitikken, med større maktspreiing, høgare kvalitet og breiare finansiering av kulturlivet som mål. Utgreiingsgruppa «bes vurdere om det er funksjoner som i dag ligger i Norsk kulturråd som bedre kan løses annet sted, eventuelt på lokalt eller regionalt nivå, men likevel slik at Norsk kulturfond bevaras som en samlet, nasjonal finansieringskilde og ikke deles opp i regionale fond».

Norsk kulturfond med tildelingar på til saman 577 millionar (2014) og dei andre tilskota som Norsk kulturråd forvaltar, er ein svært viktig premissleverandør for utviklinga av kunst- og kulturlivet i heile landet. Det må difor vere ei tettare kontaktflate mellom sentralt og lokalt/regionalt forvaltningsnivå for saman å kunne utvikle feltet.

I og med at oppgåvene og finansieringa knytta til Norsk kulturfond er føresett uendra, er det forvaltningsdelen og utviklingsdelen i Norsk kulturråd sine oppgåver som kan regionaliserast. Rådmannen meiner det bør utgreiast i kva grad basisfinansieringa og utviklingsmidlar til kunst og kultur kan regionaliserast.

Fylkesrådmannen syner til einstemmig vedtak, punkt 3, i Kultur- og ressursutvalet og i Fylkesutvalet i juni 2013 i høve Kulturutredningen 2014-NOU 2013:4:

«For å motverke sentraliseringa innan norsk kulturpolitikk, foreslår Hordaland fylkeskommune eit forsøk på Vestlandet med regionalisering av verkemidlar frå Norsk Kulturråd, Nasjonalbiblioteket, Riksantikvaren, Norsk kulturminnefond og Riksarkivet».

Arkiv og museum

Med St. meld. 20 (2009-2010) om omorganisering av arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet, fekk Kulturrådet overført utviklings- og forvaltingsoppgåver innan arkiv og museum frå ABM-utvikling. Fagadministrasjonen er rådgjevar for Kulturdepartementet i spørsmål på desse felte og for dei nasjonale museumsnettverka. Kulturrådet skal såleis etter omorganiseringa 1. januar 2011 gi tilskot og initiere samarbeids- og prosjekttiltak innan museums- og arkivfeltet. Midlane er frå post 77 i Statsbudsjettet (36 mill i 2014), og skal nyttast til nyskapande prosjekt som har overføringsverdi til fleire institusjonar. I tillegg går noko til sikringstiltak. Kulturrådet har såleis ei utviklingsrolle.

I høve museumsfeltet ønskjer Hordaland fylkeskommune at utgreiingsgruppa skal sjå nærare på om utviklingsmidlane bør overførast til regionalt nivå. Til grunn for dette forslaget, er at det i dag er særst liten samordning mellom regionalt og nasjonalt nivå med omsyn til satsingar innan museumsfeltet. Hordaland fylkeskommune sin regionale plan for museum 2011-2015 er ein ambisiøs plan der ein med prioriterte tiltak vil løfte etablering av fellesløysingar, men og tiltak som er av særleg stor verdi for regionen. Desse satsingane vert ført vidare i arbeidet med den nye regionale kulturplanen.

Museum og arkiv er felt som er identitetsskapande og har såleis særleg stor regional og lokal verdi. Vektlegging av samfunnsrolla er viktig i Hordaland fylkeskommune sin museumspolitik. Frå regional side er det ønskjeleg å reversere utviklinga med sentralisering av feltet, slik at fylkeskommunen får att handlingsrommet til å nytte sin kompetanse innan regional utvikling til beste for regionen og for arkiv- og museumsfeltet. Konsekvensane av ein sentralisert og fragmentert museumspolitik har i liten grad blitt problematisert, mellom anna med omsyn til regional og lokal deltaking og engasjement, og med omsyn til samordna prioritering av offentlege midlar. Ein bør vurdere om fylkeskommunen kan overta sentrale oppgåver på feltet.

Fordeling av tilskot til kunstfeltet

Hordland fylkeskommune er nøgd med systemet slik det ligg føre med at det er fagkomitear/kollegiale organ som vurderer og tek avgjersle i tilskotssaker på reint kunstnarleg grunnlag. For at maktspreiing og mangfald skal takast i vare er det viktig å jamt halde fokus på geografisk spreing av medlemmer i rådet og fagutval, og at ein rullerar medlemmane i rådet og fagkomiteane. Det ligg ein sterk autonomi i rådet/komiteane,

spesielt då grunngeving for avgjersle ikkje er offentleg og at det heller ikkje er klageadgang på det kunstnarlege skjønnet.

Vi ser likevel at det er hensiktsmessig med ein tettare samband mellom Kulturrådet sentralt og dei lokale søkjarane. Eit regionalt ledd kan spele ei rolle for å få til betre samhandling. Hordaland er eit stort fylke og har landets andre største by med eit svært kompetent og breitt kunst- og kulturliv, og fylkeskommunen har såleis høve til å spele ei rolle direkte inn mot Kulturrådet. Om ein ser på utvikling av ein modell for heile landet, kan ei inndeling i regionar vere meir hensiktsmessig. Dei regionale funksjonane kan til dømes vere på saksførebuaende plan. Då kan fagkomiteane ha tilnærma same funksjon som i dag. Ei betra samhandling vil kunne føre til ei betra samordning av statlege, regionale og lokale virkemidlar og ressursar.

I og med at forvaltninga av Norsk kulturfond etter mandatet for utgreiingsarbeidet ligg uendra, er det forvaltningsdelen og utviklingsdelen av Norsk kulturråd sine oppgåver som i større grad kan regionaliserast. Dette gjeld både basisfinansieringa av kunst og kultur og utviklingsmidlar.

Den kulturelle skulesekken

Hordaland fylkeskommune ser behov for ei betre samordning av det nasjonale nivået i DKS-ordninga, og foreslår at det blir vurdert å bygge opp ein ny organisasjon som kan ivareta det nasjonale ansvaret på alle dei seks kunstuttrykka i DKS. Vi stiller eit spørsmål om kvifor musikkdelen er oppbygd og organisert på ein annan måte enn dei andre kunstartane. Vi ber difor om at evalueringsgruppa ser på om det er høve til å organisere dette på ein meir heilskapleg måte.

Dersom ein vel ein modell med eit felles kompetansesenter for DKS, som ivaretek koordinerande funksjonar, må det vere ein føresetnad at den regionale og lokale forankringa vert oppretthalden, og at fordelinga mellom sentrale funksjonar og regionale funksjonar ikkje vert sentralisert.

I samband med innspel til Ekspertgruppe for kunst og kultur i skulen, foreslår Hordaland fylkeskommune at det bør etablerast regionale sentra for kunstproduksjon og kunstformidling i fylka, enkeltvis eller for fleire fylke saman (*Kunst i skulen*). I og med at fylkeskommunane har den regionale organiseringa av både DKS, skulekonsertordninga og UKM, og også vil kunne ta eit samlande grep som omfattar kulturskulane, vil fylkeskommunane måtte vere ryggrad for slike regionale sentra.



Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 18.03.2014

Nils Marton Aadland sette fram slikt forslag:

«Siste avsnitt i samandraget, minus første setning blir nytt pkt. 1 i vedtaket»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Aadland sitt endringsforslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune ønskjer at evalueringsgruppa skal sjå på høve for modeller der det er tettare kontakt mellom eit regionalt forvaltningsnivå og Kulturrådet sentralt. Kulturrådet bør nytte den lokale/regionale kjennskapen til kulturlivet, og det er viktig med samhandling mellom ulike forvaltningsnivå for å oppnå ei god utvikling og for å få best mogleg effekt av dei offentlege kulturmidlane samla.
2. Kultur- og ressursutvalet slutter seg til innspel til evalueringsgruppa slik det ligg føre i saksframlegget.